



Remy Gudmundsen
Rishaugane 29
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/693 - 17/6420

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.03.2017

Førehansvarsel stengingsvedtak - avkjørsle frå hovudveg Alvermarka - gbnr 137/225, Alversund

Lindås kommune ved Teknisk drift har registrert at det ved Rishaugane 29 - gbnr 137/225 - er etablert ei avkjørsle frå hovudveg i Alvermarka. Teknisk drift kan ikkje sjå at det er gitt løyve til etablering av denne avkjørsla.

Det vert av prinsipp ikkje gjeve løyve til å etablere to avkjørsler til bustadtomter. Dette er av omsyn til det offentlege vegsystem og til trafikktryggleik langs vegen. Vegavdelinga vil ikkje gje løyve til avkjørsle frå hovudveg i Alvermarka med følgjande grunngjeving: Avkjørsla er plassert for nær to kommunale vegkryss. Avkjørsla vil ikkje kunne tilfredsstille dei krav ein har til avkjørsler frå offentleg veg.



Av omsyn til kommunalt vegsystem og til trafikktryggleik langs dette, ber vi Dykk om stenge avkjørsla omgåande og tilbakeføre kommunal veggrøft. Vi syner elles til reguleringsføresegn for feltet (jmf § 19) der det står at det ikkje vert tillete etablering av avkjørsler frå hovudveg (Alvermarka) for eigedomer som har tilkomst via lokal veg (Rishaugane). Dykkar eigedom har avkjøringsløyve frå kommunal veg i Rishaugane.

Teknisk drift har heimel i Veglova §§ 40-41 og § 57 til å krevje slike avkjørsler stengt og kommunalt grøfteareal tilbakeført. Teknisk drift ser dette brev som eit førehandsvarsel om at vi vil fatte vedtak om pålegg om å stenge etablert avkjørsle frå hovudveg i Alvermarka. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova §16.

Dersom De har spørsmål vedkomande dette brev, ta kontakt med vegavdelinga på telefon 56375000.

Med helsing

Rune Kilen

Linda Folkestad



Avdelingsleiar veg

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Einingsleiar Teknisk drift
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------------|---------------|------|-----------|
| Remy Gudmundsen | Rishaugane 29 | 5911 | ALVERSUND |
| Tina Henny Fauske Sture | Rishaugane 29 | 5911 | ALVERSUND |